

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/4114-2

Vestlandsforskning - endring av vedtekter

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt framlegg til endring av vedtektene.

Vedlegg:

1. Vedtekter Vestlandsforskning 2008
2. Uttale til framlegg om vedtektsendring Vestlandsforskning
3. Brev frå Forskningsrådet om avvikling av ordninga med oppnemning av medlemmer til forskingsinstitutta sine styringsorgan

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Stiftinga Vestlandsforskning vart oppretta av fylkeskommunen i 1985 med ein grunnkapital på 4 000 000 kr. Fylkeskommunen vel i dag fem av sju medlemmer til styret i stiftinga.

Ved ev. endring av ei stifting sine vedtekter, skal stiftinga innhente uttale frå opprettar, før søknaden om endring, inkludert opprettar sin uttale, vert sendt vidare til Stiftingstilsynet, jf. stiftingslova § 49. Dette står også i stiftinga sine gjeldande vedtekter, som seier følgjande:

«Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tek stilling til om ein skal søkje å endre vedtektene etter tilråding frå styret.»

Vedtektene vart sist endra i 2008, FU-sak 84/08, ved å presisere at ev. overskot skal attendeførast til forskning og fagleg utvikling, at instituttet skal drive med forskning (ikkje utviklingsarbeid), og at aktiva, ved ei ev. oppløysing, skal gå til ein institusjon som har forskning, ikkje erverv, til formål.

2. Bakgrunnen for og innhaldet i endringsframlegget

Styret for Stiftinga Vestlandsforskning har i møte 7.3.2019 vedteke at det skal søkast om å endre stiftinga sine vedtekter, § 7, ut frå følgjande grunngjeving:

1. Valrett

Etter gjeldande vedtekter har Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet (no Kunnskapsdepartementet) rett til å oppnemne ein av sju medlemmer til styret i Vestlandsforskning. Retten har vore delegert til Norges Forskningsråd. I brev frå forskingsrådet den 6.10.2016, seier forskingsrådet frå seg denne retten, og viser til at dei frå og med 1.1.2018 ikkje vil halde fram arbeidet med å oppnemne medlemmer, sjå vedlegg 3. Det er derfor behov for å endre vedtektene på dette punktet.

Styret i stiftinga foreslår at fylkeskommunen overtek retten til å velje styremedlemen Forskningsrådet tidlegare har hatt ansvar for å velje. Framlegget inneber at fylkeskommunen går frå å ha ansvar for å velje fem medlemar til å ha ansvar for å velje seks medlemmer til styret i stiftinga.

2. Valkomité

I samband med styret si drøfting av saka vart det gjort framlegg om at styret vel valkomité for val av medlemar til styret i Vestlandsforskning, jf. § 36 i stiftingslova, og at reglar om dette vert inntekne i vedtektene.

3. Observatørplass

I vedtektene står det at Høgskulen i Sogn og Fjordane har observatørplass i Vestlandsforskning sine styremøte. Denne retten vert ikkje nytta, og styret gjer framlegg om å ta denne ordninga ut av vedtektene.

Styret tilrår at det vert gjort følgjande endringar i vedtektene § 7:

- «1. Sogn og Fjordane fylkeskommune får rett til å oppnemne seks medlemmer til styret.
2. Styret oppnemner valkomité.
3. Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje lenger rett til observatørplass i styret.»

Vedtektene § 7 har i dag følgjande ordlyd:

«Styret har sju medlemmer og varamedlemmer.

For styremedlemene valde av dei tilsette og av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet skal det vere personlege varamedlemmer. Styret skal elles vere samansett slik:

- 5 av styremedlemene og 5 faste varamedlemmer i nummerert rekkefølge blir valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, eller det organ departementet gir fullmakt.
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av og blant dei tilsette ved Vestlandsforskning

Høgskulen i Sogn og Fjordane skal ha ein observatørplass i styret.

Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 4 år, og kan veljast for ein ny 4-års periode. Dei tilsette sine representantar blir valde for 1 år om gongen.

Den fylkeskommunale valretten blir utøvd av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.»

Framlegget går ut på å gje § 7 slik ordlyd:

«Styret har sju medlemmer og varamedlemmer.

For styremedlem valde av dei tilsette skal det vere personleg varamedlem. Styret skal elles vere samansett slik:

- 6 av styremedlemene og 6 faste varamedlemmer i nummerert rekkefølge blir valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av og blant dei tilsette ved Vestlandsforskning.

Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 4 år, og kan veljast for ein ny 4-års periode. Dei tilsette sine representantar blir valde for 1 år om gongen.

Den fylkeskommunale valretten blir utøvd av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.

Styret i Vestlandsforskning oppnemner valnemnd for styremedlem valde av fylkeskommunen.»

3. Vurderingar og konsekvensar

For fylkeskommunen betyr dei føreslegne endringane at fylkeskommunen får rett og plikt til å velje ein ekstra medlem til styret i Vestlandsforskning. Sidan vi allereie vel fem medlemar til styret, kan eg ikkje sjå at utvidinga av denne retten eller plikta, skal medføre nokon særleg auke i omfanget av det arbeidet fylkeskommunen har med å oppfylle denne plikta.

Framlegget går også ut på å opprette ei valnemnd for styremedlemene fylkeskommunen skal velje. Fylkesrådmannen støttar dette framlegget. Ei valnemnd vil mellom anna ha det som si hovudoppgåve å sjå til at styret si samansetning er føremålstenleg og at den m.a. støttar lovkrav til kjønnsbalanse, jf. stiftingslova § 27a. Bruken av valnemnder ved val av styremedlemar til t.d. styre i kommunalt eigde selskap, er også noko KS anbefaler på generelt grunnlag.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det vil ha noko å bety for fylkeskommunen at Høgskulen i Sogn og Fjordane mistar retten til ein observatørplass i styret. Det vil heller ikkje ha noko å seie for stiftinga, all den tid plassen ikkje har vore nytta. Ei oppdatering på dette punktet går derfor ut på å gje føresegna ein ordlyd som høver betre overeins med dei faktiske omstenda.

Framlegget om endring kjem på eit tidspunkt der fylkeskommunen nærmar seg ei organisasjonsendring, som i seg sjølv kan utløyse behov for vedtektsendringar for ei rekkje stiftingar som fylkeskommunen har ei rolle overfor. Fylkesrådmannen vil ta for seg slike framtidige endringsbehov i eit eige brev til stiftingane på eit seinare tidspunkt.

4. Konklusjon

Eg tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt framlegg til endring av vedtektene § 7.